



NHV
NORSK HELSE OG VELFERDSFORUM

NETTVERK FOR LEDERE OG RÅDGIVERE I
HELSE, VELFERDS- OG OMSORGSTJENESTER I KOMMUNENE

REFERAT FRÅ FYLKESLEIARSAMLING

TID: FREDAG 19. Februar 2010
START: kl.08.45
AVSLUTNING: kl.15.00
STAD: KS huset Oslo

Til stades: Hovudstyret: Kari Stuvøy, , Asle Hovdal, Jan Hugo Hermansen, Kristian Hausken, Siren E. Hinderaker, Jan Larsson og Else Evenes - Hedmark/Oppland, Signe Elin Eide Joachimsen - Rogaland, Marit Botnen og Reidun Vikan - Møre og Romsdal, Kjell Berland - Telemark, Torbjørn Reisæter - Hordaland, Torbjørn Hansen - Vestfold, John H. Jackobsen – Buskerud, Terje - Troms

Ikkje til stades: Torill Lende Fjermestad – hovudstyret

SAKLISTE:

1. Referat frå fylkesleiarsamling 24. og 25.09.09

Referat godkjent

2. Godt nytt frå hovudstyre og fylkeslag

Oppland/Hedmark: Starta med møter med NAV direktør. I forkant møter med sentrale representantar frå FO i fylka for sentralt stoff. Skal arrangere tre konferansar, første no dreier seg om verdibasert leing. For å betre økonomien arrangerer laget saksbehandlarkonferansar.

Møre og Romsdal: Skal ha ein konferanse til hausten med fokus på pleie og omsorg.

Vestfold: Vanskeleg å reise laget, ingen vil vera leiar. Torbjørn H skal gå av med pensjon og då er det ikkje lenger ein kontaktperson i Vestfold. Har eit godt interkommunalt samarbeid – 12K. Nettadr. www.12k.no. Der er det ulike nettverk og månadlege møter med mykje like fagtema. Det er ein person som ynskjer å vere med i styret, og han får no spørsmål om å vere laget sin kontaktperson.

Telemark: Opplev at det vert danna mange fagnettverk utan at NHV vert med. Har tradisjon for å arrangere haustkonferansar og rekrutterar då ein del nye medlemmar. Arbeider no med landskonferanse og ser at det er styret som gjer hovudarbeidet, samt nokre medlemmar.

Troms: Har eit oppegåande styre. Slitt litt med rekruttering, noko lågare medlemstal no. Vanskar med oppmøte ved arrangement. Frå i haust har styret arbeida aktivt for få ny vri i laget. Samarbeida med fylkesmannen og fekk eit innlegg under deira konferanse. KS er og positiv til samarbeid. Årsmøte i april med tema nettverk. Har og i Troms eit interkommunalt samarbeid kalla Lykta – det vert nærare omtala i NHV nytt.

Rogaland: Kamp om plassane i styret – samtidig stabilt styre. Nett hatt årsmøtekonferanse, bruker den som nettverksarbeid. Tema sist var leing, tilsyn, presentasjon av ulike prosjekt på samhandling. KS har invitert seg inn i laget og er ein kontaktperson. God medlemsrekruttering, har snart medlemmar frå alle kommunane, manglar berre Lund kommune. Er no 107 medlemmer, feire nr 100 på årsmøtekonferansen. Planlegger studietur

med Hordaland hausten 2010. Leiar sender ut nyheiter på e-post til alle medlemmane innimellom.

Hordaland: Stabilt styre, 6 av 7 fortsetter på årsmøtekonferansen i mars 2010. Har no bort imot 60 deltakarar pluss styret og foredragshaldarar. Tema er samhandling. Har eit årshjul som inneheld ein to dags årsmøtekonferanse i februar / mars og på hausten ein dagskonferanse. Fokus på profilering og rekruttering. Godt samarbeid med KS. Sender ut julemelding til alle medlemmane.

Buskerud: Årsmøtekonferanse med tema samhandlingsreforma. Studietur til Firenze for 25 personar med tema renessanse og makt i leiarperspektiv. Stor interesse for turen. Kongsbergkonferanse i november 2010 er ein årleg tradisjon. Har litt i underkant av 75 medlemmer. Nyval av styret og det vert litt uskifting.

Frå hovudstyret: Landskonferanse 2011 er tildelt Oppland/Hedmark og for 2012 er det Rogaland – anten aleine eller saman med Hordaland.

Dialog med KS: På hovudstyremøte 18.02 møtte det 4 personar frå KS. Fortalde frå møte med to komitear på Stortinget. Finansiering var eit tema og mest sannsynleg vert det ikkje slik det er foreslått i meldinga. KS meiner at berre i enkelte tilfeller bør kommunane vere med å delfinansiera. KS foreslår pilotar og opptrapping. Det er sett i gang fleire FoU prosjekter. Reforma er kritisk i forhold til kompetanse. Fokus no er at spesialisthelsetenesta ikkje skal vekse, mens kommunane skal bygge ut sin kompetanse. Rolla til spesialisthelsetenesta vert meir ambulante team og rettleiing, enn flytting av ressursar til førstelinetenesta.

Siste tema var sjukfråvær – la fram forslag frå ekspertgruppa, 6 administrative tiltak. Fokus på både arbeidsgjevar og arbeidstakar si plikt og sine rettar. Dreining mot at arbeidsgjevar får meir ansvar, graderte sjukemeldingar skal verte meir alminneleg, til dømes 80% SM og 20% frisk med tilrettelegging frå arbeidsgjevar. Elles skal NAV ha meir fokus på kontroll og oppfølging med dialogmøte.

Det er sett ned eit utval som i løpet av 2010 skal arbeide med utstøying i pleie og omsorgstenesta. NHV er ønska som referansegruppe her.

3. Økonomi

- økonomisk status v/ Jan Hugo

Status pr. 15.02.2010 er totalt 488 480,- på konto.

Det var tidligare oppgitt at noko var feil i rekneskap 2006, med for mykje pengar. Det viste seg at det var pengar på fond frå nedlagte lag. Det er derfor no korrekt rekneskap for 2006.

4. Godkjenning av regnskap 2007 og 2008

Styret har lagt ned ein betydeleg innsats på å skaffe naudsynt bilag med meir frå 07 og 08.

2007: Regnskapet for 2007 ser greitt ut. Førres etter kontaktpriippet, dvs det året pengar går inn og ut vert dei ført. Overskot 2007 var 62 771,-.

2008: Overskot 78 661,-. Saldo 285 712,50 pr 31.12.2008. Eventuelle uregelmessigheter er identifisert og til dels er rydda opp i, samt at siste del vert rydda opp i no.

Revisor gjekk gjennom rekneskap 2007 og 2008 torsdag 18.02.10 med nokre merknader. Forumet må få på plass rutinar som gjer at tilsvarande situasjon ikkje oppstår fleire gonger. Eit tiltak som hovudstyret har innført er at hovudstyret godkjenner regnskap for 2009 midlertidig og legger fram for endeleg godkjenning på landsstyremøte i 2010. I tillegg vert økonomirapportering tema på kvart hovudstyremøte.

Bør det lagast enkle kjørereglar for korleis rekneskap skal førast og godkjennast? Bør og praktisere at leiar i laget godkjenner utlegg før kasserar utbetalar. Til dømes reiserekningar med meir.

Innstilling frå hovudstyret til fylkesleiarssamling er at rekneskap 07 og 08 vert godkjent med merknader frå revisor. Samrøystes godkjenning frå fylkeslaga til stades.

5. Medlemskontingent 2010 – innkrevjingsrutine v/ Jan Hugo

Er eit vedtak som seier at frå 2009 skulle innkrevjing av kontingent krevjast av hovudstyret. Mål er å få KID for betre oversikt. Medlemslister i Excel må lastast inn i Mammut rekneskapsprogram og deretter er det Posten som legg til KID nr. Jan Hugo MÅ få oppdaterte medlemslister frå alle fylkeslag snarast.

Birgit sendte hausten 09 ut kontingentkrav til alle lause medlemmar, og det resulterte i mange innbetalingar.

6. Handlingsprogram og aktivitetar 2010 v/Kari

- oppsummering frå samlinga i september

Sjå vedlegg og det som er skrevet med raudt.

- drøfting av prioriterte aktivitetar og fokusområde i 2010

Sjå vedlegg og det som er skrevet med raudt.

Godt å sjå at mange av punkta vert det arbeida med og er gjenkjennande.

7. Profileringsarbeid/ Asle, Signe Elin og Kristian

Brev til alle kommunar med informasjon om nytt namn er ikkje utført enda. Vervebrosjyre er sendt som utkast til hovudstyret. Innmelding skal direkte til kasserar Jan Hugo. Det er og mogleg å få nokre ekstra NHV nytt til utdeling på konferansar.

Rogaland har bestilt Figgjo krus med NHV logo. Dei delte ut til alle deltakarane på sist konferanse. I tillegg har dei bestilt ein plakat til å bruke på stands med NHV logo.

Dersom fylkeslag ynskjer å bestille krus, send ein e-post til Toril L. Fjermestad – Rogaland. Ho har eigen kontaktperson på Figgjo. Forslag i forsamlinga er at krus vert gåve til alle deltakarar og foredragshaldarar på konferansar framover. Bestilling av plakat må kvart fylkeslag ta for seg sjølv.

Heimesida skal utvidast slik at bladet kan leggest ut og lesast på nett. I tillegg vert alle referat frå hovudstyre og fylkesleiarssamlingar lagt ut. Det er og fint om alle fylkeslag sender referat frå styremøte til Kari som syt for at det vert lagt ut på heimesida.

8. NHV nytt - v/Asle

Er forplikta til å ha 3 nummer årleg. Asle har så langt tatt ansvar for å få ut bladet. Det er alltid litt vanskeleg å få nok innhald i bladet. Alle er interessert i å ha bladet og det er bra som profilering. Forslag om å lage ein redaksjonell komité, og at kvart fylkeslag har ein NHV kontaktperson. I tillegg bør det vere slik at alle nye styremedlemmer vert presentert med bilde og litt om personen.

Fylkeslag: Alle må vurdere om det er ein person i styret eller med i laget som vil vere fylket sin NHV kontakt. Deretter må de og få spørsmål om de vil vere med i redaksjonskomiteen. I neste nummer skal Telemark presentere seg. Asle lager ein plan for kva fylkeslag som skal presentere seg i kvart nr.

NB! Kvart fylkeslag må melde inn om dei har ein kontaktperson for fylket mtp NHV nytt, og i tillegg om denne personen er aktuell medlem til å vere i ein redaksjonskomite med Asle.

FRIST: 31.03.2010

9. Orientering om fagkonferanse i Kragerø 2010

Quality spa & resort Stabbestad er staden me skal vere, ikkje i sjølve Kragerø – ca 2 mil frå hovudvegen. Dei som reiser med fly til Gardermoen og Torp må ta ekspressbuss frå Oslo til Kristiansand, og kvar enkel må gå av på Tangen. Der vert det felles transport til hotellet, det er ca 2 mil. Det vert båttur i skjergarden søndag 30.05 med start kl.18.00.

Fyrste dag er det sett av 40 minutt til nokon frå departement for opning av konferansen, samt at ordførar opnar. Her er det vanskeleg å få booka nokon for alle er opptatt. Elles er programmet fokus på NAV med fylkesdirektør i Telemark. Deretter er tema kulturforskjeller i NAV av Astrid N. Heiberg. Etter lunsj er fattigdom tema og deretter Tom Erik Oksholm eks skøytelepar. Felles middag på kvelden. Dag to startar kl.09.00 med lege Magnar Kleiven "bland ikkje legen inn i helsa di". Etter lunsj er det Per Anders Nordengen – ord på vegen heim. Avslutning er kl.13.30. Oppgjer overnatting og fullpensjon direkte til hotellet kr. 1780,- pr natt. Konferanseavgift er kr.1600,- for medlemmer og kr.2100,- for ikkje medlemmer. Pluss båttur kr. 600,-.

Ferdig program, inklusiv beskriving av transport, er snart klar for utsending på e-post og til kommune postmottak og nav kontor. I tillegg vert det sendt ut ein e-post til alle medlemmer med eit lite notat om konferansen og at invitasjon snart kjem.

10. Innspel frå Jan Larsson – drøfting

Det er mange pålegg til kommunane, t til dømes dokumentasjonskrav og tilsyn. I samtale med stortingsrepresentant vert det sagt at alle krava er kjent, men ingen veit kva som kan fjernast og derfor vert lite gjort.

I ein artikkel vert 4 punkt framheva som viktige i kommunal utvikling; marknadsprioritering, vitenskapleggjering (domstolar), rettar og lovar, revisjonseksplasjon (med mål, plan kontroll). Boka "Velferdstenester i endring" peiker på følgjande trekk: Nye styringstelt med overmøblering i omsorgskvardagen – dvs for mange og lite tilpassa til kvardagen i grasrota. Byråkrater skal kontrollere og setter dagsorden, ikkje faget. Lære mykje av tilsyn, men går det for langt. Nye styringsmodellar innføre verktøy, td service erklæringer og slikt. Mykje av dette tar frå dei tilsette skjønsmakta og ansvar vert overført til toppleiinga.

Nokon som kjenner seg igjen? Er det noko NHV kan ta tak i?

De fleste kjenner seg igjen i at det er mange pålegg og tilsyn til kommunane frå staten.

Tilsynsmetodikken gjer at kommunane sitt omdøme vert svekka.

Jan Larsson prøver å lage ein artikkel/eit lesarinnlegg/dagens debatt tema til NHV nytt om dette.

Anbefaler bok av Rune Sørensen: "Ein effektiv offentlig sektor". Lettlest og god.

11. Eventuelt

Tilbakemelding til hovudstyret om denne samlinga. Både 1 dag samling og innhald. Pga såpass mykje program på 1 dag er det tilsvarande tidligare 2 dag samlingar. Bra at det vert styrt med stram hand. Bør i tillegg ha noko fagstoff, ikkje berre intern – forumsamling. Bør klare begge deler på 1 dag. Å kome til kvelden med nettverk og middag er bra, då kan heile dagen etter ha fokus på laget og fag 50/50 deling til dømes.

Innspel på tema treng hovudstyre innspel på.

- Til dømes tilsyn?
- Byråkratisering?
- Stortingsmeldingar / samhandlingsreform

Referent

Siren Eldøy Hinderaker

Oslo 19.02.2010